

Flott innsats, og god og spennande TV-kamp

29.07.2013



Jentelaget som spela ein flott TV-kamp i dag. Her saman med Mini Jakobsen ex. RBK og landslaget, no TV2.

Rosendalslaga har hatt ein strålende dag 2 under Norway Cup. Det har vore flott, men varmt ver, og laga har spela til saman 6 kampar. God innsats har resultert i 3 sigrar, 1 uavgjort kamp og 2 tap. Det som vert hugsa spesielt, er nok jentekampen som vart direkteoverført på TV2sport. Jentene gjorde ein kjempeinnsats mot eit godt Namsos-lag, og kampen vart både spennande og underhaldande. Eg håpar mange fotballinteresserte kvinnheringar og andre fekk den med seg.



G 13/14-laget varmar opp til kampen som gav inn ny sterk siger.

G 13/14 (7`ar).

(Uskedelingar på laget: Karsten A. Haugland, Emil B. Berntsen og Sondre S. Myklebust).



Anders B. Berntsen er i Oslo som hjelpetrener. Her saman med hovudtrenaren for G13/14, Yngve Guddal Rosendal - Tana 5 - 0 (3 - 0). Gutane hadde full kontroll gjennom heile kampen mot Tana som tapte første kamp. Etter 3 kjappe mål i slutten av 1.omgang, var pauseresultatet 3 - 0. I 2.omgang forsette einveiskjøringa, og Rosendal sin keeper var knapt borti ballen. Med sluttresultat 5 - 0 og ny siger, skulle plassen i A-sluttspillet vera sikra før siste kamp i gruppespelet.

G 15/16 (7`ar).

(Rosendal 2: Kjartan Tungesvik, Rosendal 1: Emil B. Berntsen, Hans Fredrik Zimmer og Marius Myklebust).



Ein pauseprat kan gjera godt! Her G15/16.

Rosendal1 - Nordborg/Brattvåg 3 - 2 (0 - 1)

Etter ein jamn start på kampen scora Nordborg/Brattvåg første målet. Det vart med det eine målet før pause, men det vert rapportert at dei hadde store sjansar i slutten av omgangen så Rosendal var litt heildig at ikkje det stod 0 - 2 til pause. Pausen gjorde godt og Rosendal utlikna rett etter 2.omgang starta. Rosendal tok leiinga 2 -1 etter scoring av Hans Fredrik Zimmer, men mostandarane utlikna. Rosendalsgutane stod på, scora og sikra sigeren før dommaren bles av kampen. Spennande kamp og flott siger.

Rosendal 2 spela i dag 2 kampar då det er 5 lag i deira pulje.

Rosendal 2 - Sunnylvn 3 - 1 (2 - 1).

Rosendal 2 framstod i dag som eit heilt anna lag enn i går då dei tapte innleiingskampen. Dei styrte kampen og vann fortent. Kjartan Tungesvik scora det viktige tredje målet.

Rosendal 2 - TuS Felde (Tyskland) 1 - 5 (0 - 2).

Tyskarane var eit godt lag og Rosendalsgutane hadde litt stor respekt for det i starten. Dei fekk eit mål imot allereie etter ca. 5 min. Etter det forsvann respekten og dei kjempa svært godt utover i omgangen. TuS Felde fekk eit mål til slik at pauseresultatet var 2 - 0, men det vert rapportert om ein svært god omgang av Rosendalsgutane.

Rosendal fortsette å jobba godt i 2.omgang. Dei fekk inn ei redusering medan TuS scora 3 ganger til. Dermed vart sluttresultatet 5 - 1 til det tyske laget. Rosendalsgutane var med og gjorde det til ein god fotballkamp mot ein sterk motstandar som hadde 15 - 3 i målskilnad etter dei to første kampane.

J 13/14 (7`ar).

(Katrine Saghaug)

Rosendal - Dahle 0 - 5 (0 - 2).

Dahle 1 vann sin opningskamp heile 8 - 0, og det viste seg å vere eit godt og effektivt lag. Etter 2 - 0 leiing ved pause vart det 5 - 0 til slutt. Kampen var mykje jamnare spelemessig enn resultatet viser.



J-13/14 klare til dagens kamp.

J 15/16 (11`ar).

(Maren Huse Bjørnebøle)

Rosendal - Namsos 3 - 3. (2 - 1)

Denne kampen vart direktesendt på TV2sport, og dei to laga varta opp med ein underhaldande og svært spennande kamp. Dei som ikkje såg den, gjekk glipp av noko! Namsos viste seg å vera eit godt lag med gode einskildspelarar. Dei dominerte også første omgangen, og då dei fekk første målet var det nok få som levna Rosendal sjanse. Det verka som Namsos hadde full kontroll. I slutten av omgangen scora Marit Guddal på Rosendal sin første sjanse. Og ikkje nok med det; - i omgangens siste sekund scora Ingeborg Sundal Ljostveit med eit herleg ståande brassespark som fekk Mini Jakobsen til å ta fram superlativa. Dermed var det plutseleg 2 - 1 til Rosendal ved pause.

2.omgang vart jamnare spelemessig. Dei offensive spelarane til Rosendal fekk vist kor farlege dei er, og dei spela seg fram tii ei rekkje sjansar.

Omgangen resulterte i 2 mål til Namsos, og 1 til Rosendal, og dermed vart sluttresultatet i denne særdeles spennande og underhaldande kampen 3 - 3. Eit svært sterkt resultat av jentene som er det einaste laget frå Rosendal som spelar 11`ar-fotball i turneringa.

Det høyrer og med til historia at laget hadde 1 straffe, men den gav same resultat som dei to norske straffesparka i EM-finalen.



Mini kom med gode omtalar om fleire av Rosendalspelarane under kampen. Her fremst med laget sin gode keeper.

Det er svært interessant å følgje med på dei gode live-oppdateringane frå kampane på Rosendal Turnlag si facebookside. Desse oppdateringane vert sponsa av Schat Harding.

Ved å klikke på denne [lenkja](#) finn de resultat og tabellar for dei ulike Rosendalslaga. Dei to første laga i kvar pulje går til A-sluttspel, medan resten går til B-sluttspel.

Av: Thor Inge Døssland
Foto: Rosendal Turnlag.